

Saksbehandlar: Stig Vattekar, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/5097-2

Tertialrapport 2/14

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2014:

1. Budsjetterte skatteinntekter vert redusert med 7,500 mill. kr.
2. Rammetilskotet vert auka med 0,249 mill. kr.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte budsjettendringar når den fylkesvise fordelinga av auka statleg DAA-kompensasjon vert kjent. Det er ein føresetnad at ramma til samferdsle vert auka tilsvarende auken i rammetilskotet.
4. Budsjetterte renteinntekter vert redusert med 0,500 mill. kr.
5. Forventa utbytte vert auka med 0,943 mill. kr.
6. Budsjetterte konsesjonskraftinntekter vert redusert med 1,800 mill. kr.
7. Driftsbudsjettet vert saldert mot bufferfondet med ei avsetning på 5,441 mill. kr.
8. Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 0,518 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 4005 Til disposisjon for utvala vert redusert med 0,200 mill. kr.
 - Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon vert redusert med 0,318 mill. kr.
9. Det ordinære sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 10,231 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 5101 Vedlikehald og drift skulebygg vert redusert med 0,980 mill. kr.
 - Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 0,100 mill. kr.
 - Teneste 5200 Pedagogisk leining mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 6,000 mill.kr.
 - Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 3,300 mill. kr.
 - Teneste 5202 Gjestelever vert redusert med 0,500 mill. kr.
 - Teneste 5203 PC-ordninga / teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 1,549 mill. kr.
 - Teneste 5702 Fagprøver vert auka med 1,000 mill. kr.
10. Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 3,400 mill. kr knytt til forsert innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen. Reduksjonane har slik fordeling:
 - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,800 mill. kr.
 - Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 1,100 mill. kr.

- Teneste 5200 Pedagogisk leing mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 1,500 mill.kr.

11. Sektorbudsjettet til samferdsle får gjennomført slike omdisponeringar:
- Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering får tilført 4,500 mill. kr.
 - Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen vert auka med 0,600 mill. kr.
 - Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 0,800 mill. kr.
 - Teneste 7322 Båt – Ekspress og lokalruter vert redusert med 2,700 mill. kr.
 - Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,600 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2014:

1. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.
2. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.

C. Andre område

1. Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
2. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 4 vert teken til vitande.

Vedlegg:

1. Investeringsprogram for bygg
2. Investeringsprogram for fylkesveg
3. Rapportering på finansporteføljen 31.08.2014
4. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga 31.08.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. ØKONOMISK STATUS

Vi står no ved eit tidsskilje i den fylkeskommunale økonomien.

Fylkeskommunen har dei siste åra hatt god økonomi. Rekneskapane for 2011, 2012 og 2013 vart gjort opp med solide overskot. Dette skuldast for ein stor del god skatteinngang i kommunesektoren, innsparingar og meirinntekter på finansielle postar og lokale inntekter. Vi ser no at skatten går inn mindre enn budsjettet, meirinntektene på finansielle postar er tørka ut og dei lokale inntektene er på eit historisk lågt nivå.

Nytt inntektssystem forsterkar på ein dramatisk måte dette tidsskiljet. Justert for pårekna tapskompensasjon første året og alt forventa inntektsreduksjon, aukar salderingsutfordringa vår som følgje av det nye systemet slik:

	2015	2016	2017	2018	2019
Netto auka salderingsutfordring som følgje av nytt IS	-8,7	-60,7	-112,7	-164,7	-223,7

På denne bakgrunnen har hovudutvala fått i oppdrag av finansutvalet å kome med framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar i denne storleiksorden fram til 2019.

Vidare vedtok finansutvalet før sommarferien å setje i gang ei vurdering av investeringsnivået dei næraste åra. Lånegjelda vår er urovekkande høg. Med planlagt investeringsnivå vil den overstige 100% av samla driftsinntekter i slutten av planperioden. Tilrådd nivå er maksimum 75%.

For å kunne møte dei økonomiske utfordringane vi no står føre, har fylkesrådmannen teke til ordet for to hovudgrep – som også vert lagt til grunn for tilpassingane i denne tertialrapporten:

- Kanalisere ledige driftsmidlar mot bufferfondet for å kunne møte kortsiktige utfordringar i arbeidet med å tilpasse seg nye inntektsføresetnader.
- Redusere kapitalutgiftsbelastninga gjennom redusert låneopptak.

Driftsbudsjettet er tilrådd saldert ved å overføre 5,441 mill. kr til bufferfondet.

Fylkesrådmannen tilrår i denne tertialrapporten å redusere investeringsbudsjettet for bygg og anlegg med 65,602 mill. kr til 142,921 mill. kr i 2014. Reduksjonane kjem som følgje av ein kritisk gjennomgang av lånebehovet i inneverande år for å sikre at låneopptaket i 2014 så godt det let seg gjere er tilpassa faktisk behov i 2014. Reduksjonane representerer i hovudsak ei forskyving av løyvingar til seinare år, men all forskyving av låneopptak fram i tid vil gje reduserte kapitalutgifter og slik salderingsvinstar på kort sikt.

Det er lagt opp til ein reduksjon i investeringsbudsjettet for fylkesveg med 16,1 mill. kr frå 359,4 mill. kr til 343,3 mill. kr. Vidare tilrår fylkesrådmannen at frigjorte driftsmidlar til samferdsla på 4,5 mill. kr vert nytta som finansieringskjelde på investeringsbudsjettet. Dette betyr at samla låneopptak knytt til veginvesteringane kan reduserast med 20,0 mill. kr i 2014.

2. DRIFTSBUDSJETTET

2.1 Fylkesskatt

Samla skattevekst for alle fylkeskommunane frå januar til og med juli i år er på 3,4 % i høve til same periode i fjor. Gjeldande skatteanslag tek utgangspunkt i vekstanslaget som vart lagt i statsbudsjettet for 2014 på 4,6 %. Med bakgrunn i den klåre tendensen til svekka skatteinngang vi no ser, finn fylkesrådmannen det rett å tilrå ei nedjustering av skatteanslaget med 7,5 mill. kr.

2.2 Rammetilskot

Stimuleringstilskot til nye lærebedrifter

Ved handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2014 vedtok Stortinget å auke stimuleringstilskotet til nye lærebedrifter med 10 mill. kroner. Dette utgjer 0,249 mill. kr for vår fylkeskommunen. Midlane er utbetalt saman med juli-terminen av rammetilskotet.

Differensiert arbeidsgjevaravgift

EU og ESA har endra regelverket for regionalstøtte og i samband med dette måtte regjeringa endre ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift (DAA) med verknad frå 1. juli 2014. Dei største endringane er:

- fleire kommunar kjem inn i ordninga med DAA.
- fleire sektorunntak, dvs. at arbeidsgjevarar innafor desse sektorane ikkje kan nytte DAA.

Regjeringa har innført fleire kompensierende tiltak for å redusere den negative effekten av avgiftsauken knytt til sektorunntaka. For fylkeskommunane er det sektorunntaket knytt til produksjon av transporttenester som gjev meirkostnadar. I høve inngåtte kontraktar kan desse ekstra-kostnadane for transportselskapa veltast over på fylkeskommunen.

I revidert nasjonalbudsjett vart det vedteke å auke skjønstilskotet til fylkeskommunane med totalt 44 mill. kr for å dekke meirkostnadane til kjøp av transporttenester. Fordelinga av desse midlane er enno ikkje kjent.

Fylkesrådmannen vil tilrå at vår del av løyvinga på 44 mill. kr vert tilført samferdslesektoren då meirinntekta er direkte knytt til auka kostnader til kjøp av transporttenester. Auka skjønstilskot vil med denne tilrådinga ikkje ha salderingsmessige konsekvensar for budsjettåret 2014.

Det vert vidare tilrådd at fylkesrådmannen får fullmakt til å føreta tilhøyrande budsjettendringar når fylkesfordelinga av skjønstilskotet vert gjort kjent.

2.3 Løns- og prisvekst

Ramma for årets lønsoppgjer er på omlag 3,5 % for fylkeskommunane. Dette nivået vil vere retningsgjevande for resterande lønsoppgjer i fylkeskommunen. Nivået er om lag som avsett i budsjettet. Lønnskompensasjonen for budsjettåret 2014 ser likevel ut til å verte noko redusert. Grunnlaget for dette er at ny avtale mellom KS og lærarorganisasjonane har kome seinare enn føresett. Lønsauken i den nye avtalen vil tre i kraft frå 01.09.14, i staden for opphavleg dato 01.05.2014. Dette vil medføre at det nye lønsnivået skal kompensera for eit mindre tal månadar. Reduksjonen i kompensasjon vil fylkesrådmannen kome attende til når detaljane rundt dei samla lønsoppgjera er kjende.

2.4 Renteinntekter/ -utgifter

Renteinntekter

Det er budsjettert ein samla rentekompensasjon for skulebygg og fylkesvegar på 20,4 mill. kr i 2014. Det viser seg at budsjetterte rentesatsar for kompensasjonsordningane har vore for høge. Oppdaterte prognosar frå Husbanken viser at renteføresetnadane må reduserast frå 2,60% til 2,34 %. For budsjettet 2014 utgjer dette ein reduksjon på 2,0 mill. kr samla for begge ordningane. Føresett rentekompensasjon må også justerast ned i budsjett/økonomiplanperioden 2015-18.

Renteinntektene på bankinnskot og fondsplasseringar vart oppjustert med 5 mill. kr i samband med tertialrapport 1/14. Nye prognosar viser at det er grunnlag for ei ytterlegare oppjustering av renteinntektene med om lag 1,5 mill. kr. Dei auka renteinntektene kjem som følgje av at fylkeskommunen oppnår betre rentevilkår enn budsjetterte renteføresetnader.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg å sjå renteinntekter og rentekompensasjonsordninga i samanheng, og vil utifrå dette redusere budsjetterte renteinntekter samla med 0,5 mill. kr.

Kapitalutgifter

Kapitalutgiftene (renter og avdrag) er frå 2014 budsjettert samla. Prognosane per 2.tertial tilseier at renteutgiftene vert noko lægre enn budsjettert. I den nye praksisen for kapitalutgifter er det lagt opp til at positive avvik det enkelte år skal nyttast til ekstra avdragsbetaling.

2.5 Lokale inntekter

Utbytte

Innafor ramma som *Innovasjon Norge* får tildelt frå fylkeskommunen kan det bli gitt tilskot og avsetning til eit felles nasjonalt tapsfond for risikolån og garantiar. Summen som står på tapsfondet skal ikkje avvike for mykje frå vurdert risiko. Nettobeløpet, etter at administrasjonskostnadene er dekte, skal tilbakeførast til fylkeskommunen etter ein fordelingsnøkkel bygd på delen som fylkeskommunane har av risikolån og garantiporteføljen. Frå 2013 får Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbakeført eit utbytte på 0,893 mill. kr.

Firda Billag AS har eit overskot i 2013 på 3,2 mill. kr. Av dette betalar dei ut 1,0 mill. kr i utbytte. Fylkeskommunen eig 5 % av selskapet slik at utbetalt utbytte vert 0,050 mill. kr.

Fylkesrådmannen tilrår på grunnlag av dette at forventa utbytte vert auka med 0,943 mill. kr.

Konsesjonskraft

Tertialrapport 2/14 vedlegg 4, basert på prisar i marknaden per 3. september 2014, syner at det er behov for å justere ned konsesjonskraftinntektene i 2014 med ytterlegare 1,800 mill. kr i

høve til gjeldande budsjett. Årsak til nedgangen skuldast lågare kraftprisar i vårt område enn føresett ved førre rapportering.

For økonomiplanperioden har kraftprisane styrka seg sidan førre tertial. Dette gjev derfor noko betring i prognosane. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i budsjettprosessen.

2.6 Forvaltning

Teneste 4005 Til disposisjon for utvala

Jf. omtale under pkt. 2.7.

Kontrollutvalet

SF revisjon IKS sende 14.08.14 ut varsel om utbetaling til eigarane på bakgrunn av overskot i selskapet 2013. Tilbakebetalingsbeløpet til fylkeskommunen vert på kr. 317 833. Ved at beløpet vert godskrive kontoen finansiell revisjon vil det kome fram som mindreforbruk på 41003 kjøp av revisjonstenester 2014.

2.7 Opplæring

Fylkesrådmannen har funne det føremålstenleg å dele omtalen av sektoren i to delar:

- vurdering av det ordinære driftsbudsjettet
- forsering av innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen.

Vurdering av det ordinære driftsbudsjettet

Teneste 4005 Til disposisjon for utvala

Det er for 2014 løyvd 0,2 mill. kr til utviklingsmidlar til disposisjon for hovudutval for opplæring. Løyvinga er ikkje disponert. Fylkesrådmannen rår til at budsjettet for teneseta vert redusert med 0,2 mill. kr i 2014.

Teneste 5100 Utgifter til lokale

Det er i 2014 budsjettert med 68,3 mill. kr til føremålet. Ved andre tertial viser årsprognosen for 2014 eit mindreforbruk på om lag 1,0 mill. Fylkesrådmannen rår til at budsjettet for 2014 vert redusert tilsvarande.

Teneste 5101 Vedlikehald og drift skulebygg

Det er forventa ei innsparing på straum til skulane på om lag 0,980 mill. kr for 2014. Fylkesrådmannen rår til at budsjettet for tenesta vert redusert tilsvarande.

Teneste 5151 Fellesutgifter

Kostnadene ved lisensavtalar har i løpet av fleire år auka utan at budsjettet har blitt justert tilsvarande. Som følgje av mindreforbruk på flyttegodtgjersle, har samla forbruk kome om lag som budsjettert. Sogn og Fjordane fylkeskommune har frå 2014 inngått ny avtale om lisens for opptak av kringkastingsprogram for bruk i opplæringa og tilleggsavtale om bruk av musikk i opplæringa. Avtalen inneber ein årleg kostnadsauke på om lag 0,1 mill. kr. Fylkesrådmannen rår til at budsjettet vert styrka tilsvarande.

Teneste 5200 Pedagogisk leining mv/teneste 5210 Utdanningsprogramma

Det er i 2014 budsjettert med 347,0 mill. kr til føremålet. Ved andre tertial viser årsprognosen for 2014 eit mindreforbruk på om lag 4,0 mill. kr. Mindreforbruket har m.a. samanheng med at det over fleire år i mindre grad enn tidlegare vert tildelt ekstratimar til skulane. Fylkesrådmannen rår til at budsjettet for 2014 vert redusert tilsvarande.

Budsjetterte lønsutgifter for 2014 i opplæringssektoren vert noko redusert. Dette skuldast streiken som ein del av lærarane har vore tekne ut i. Innsparinga er stipulert til om lag 2,5 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet samla vert redusert med 2 mill. kr som følgje av dette.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter (anslagsløyving)

Som følge av gjennomføring av skulebruksplanen vart det i 2014 sett av om lag 11,2 mill. kr til omstillingstiltak for pedagogisk personale. I tillegg kjem løyvinga til seniortiltak med i overkant av 0,9 mill. kr. Det er for 2014 berekna eit forbruk på omstillingstiltak på om lag 8,8 mill. kr. Samla innsparing i 2014 vert med dette om lag 3,3 mill. kr. Fylkesrådmannen rår til at løyvinga til omstillingsmidlar/seniortiltak vert redusert tilsvarande.

Teneste 5202 Gjesteelevar (anslagsløyving)

Det er i 2014 budsjettert med netto 5,0 mill. kr til kjøp og sal av elevplassar i andre fylke. Det er forventa eit forbruk i 2014 på om lag 4,5 mill. kr. Fylkesrådmannen rår til at budsjettet for gjesteelevar vert redusert med 0,5 mill. kr.

Teneste 5203 PC-ordninga/teneste 5211 Gratis læremiddel (anslagsløyving)

I følge budsjettreglementet punkt 2.6.3 har fylkesrådmannen høve til å sjå løyvingane på tenestene 5203 PC-ordninga og 5211 Gratis læremiddel i samanheng.

Det er i 2014 budsjettert med til saman om lag 10,0 mill. kr til drift av PC-ordninga og ordninga med gratis læremiddel. Det er i 2014 prognostisert eit samla mindreforbruk på om lag 1,0 mill. kr i høve til budsjettet. Dette har m.a. samanheng med reduserte satsar for tildeling av midlar til ordninga med gratis læremiddel til dei vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen rår til at driftsbudsjettet i 2014 vert redusert tilsvarande.

Teneste 5701 Opplæring i bedrift

I samband med tertialrapport 1/14 vart det for 2014 prognostisert eit meirforbruk i høve budsjetttet for tilskot til lærebedrifter på om lag 14,5 mill. kr. Som følge av dette vart budsjetttet for tilskot til lærebedrifter auka med 10 mill. kr frå 2014. Det var føresett at det resterande meirforbruket skulle dekkast innanfor den økonomiske ramma for opplæringssektoren.

Årsprognosen pr. andre tertial viser eit meirforbruk i høve revidert budsjett på 1,3 mill. kr (tidlegare 4,5 mill. kr). Endringa skuldast ein lågare auke i tal tilskotsmånader enn føresett ved første tertial. Dette som følge av ein mindre auke i tal lærekontraktar og at ein mindre del av lærekontraktane enn føresett, vert teikna (startar) tidlegare på året. Fylkeskommunen har såleis ikkje nådd ambisjonane om tidlegare formidling i samarbeid med arbeids- og næringsliv.

I tillegg vert tenesta auka i samband med rev. nasjonalbudsjett (jf. pkt. 2.2) med 0,249 mill. kr.

Fylkesrådmannen rår til at budsjetttet for tilskot til lærebedrifter i 2014 vert auka med totalt 1,549 mill. kr.

I tertialrapport 1/14 vart det føresett at fylkesrådmannen skulle kartleggje om «auken i fagopplæringskostnader er eit isolert problem for Sogn og Fjordane, eller om dette er ein trend på landsbasis». Fylkesrådmannen har vore i kontakt med fylkeskommunane i Sør-Vest-samarbeidet. Vurderinga frå desse er at auken i satsane for 2014 for tilskot til lærebedrifter ikkje fullt ut er kompensert frå staten si side. Auken i kostnader til fagopplæring heng elles saman med tal læringar. Det er ei nasjonal målsetting å auke gjennomføringa for desse. Fylkeskommunane er svært ulike i andel læringar per innbyggjar – variasjon frå 12 % i Oslo til 29 % i Sogn og Fjordane. Det er difor vanskeleg å samanlikne utfordringane for fylkeskommunane på dette området.

Teneste 5702 Fagprøver (anslagsløyving)

Det er i 2014 budsjettert med 9,4 mill. kr til føremålet. Prognosen for 2014 tyder på eit meirforbruk i høve budsjetttet på om lag 1,0 mill. kr, som følge av auke i tal fagprøvar samanlikna med det som var føresett på budsjetteringstidspunktet. Auken heng m.a. samanheng med auke i tal lærekontraktar. Fylkesrådmannen rår til at budsjetttet vert styrka med 1,0 mill. kr.

Oppsummering - budsjettendringar i det ordinære driftsbudsjettet:

Teneste	2014
5100 Utgifter til lokale	-1,0
5101 Vedlikehald og drift av skulebygg	-1,0
5151 Fellesutgifter	0,1

5200 Pedagogisk leiding mv./5210 Utdanningsprogramma	-6,0
5201 Pedagogiske fellesutgifter	-3,3
5202 Gjesteelevar	-0,5
5203 PC-ordninga	0,3
5211 Gratis læremiddel	-1,3
5701 Opplæring i bedrift	1,5
5702 Fagprøver	1,0
Sum meir-/mindreforbruk	-10,2

Forsering av innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen

Strukturendringane som følgje av skulebruksplanen vart iverksett frå hausten 2014. Det har vore knytt stor uvisse til dei økonomiske konsekvensane av strukturendringane på kort sikt. Det er difor i vedteke budsjett for 2014 berre lagt inn ein reduksjon i budsjettet tilsvarande reduksjon av opplæringstilbodet med 2 grupper frå hausten 2014. Det er ikkje budsjettetert med innsparingar som følgje av strukturendringane før hausten 2016.

I samband med tertialrapport 2/14 er det frå hausten 2014 berekna ei samla årleg innsparing på 7,3 mill. kr som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen. Verknaden for 2014 er rekna til 3,3 mill. kr. Innsparingane fordeler seg slik på tenester:

Teneste	2014
5100 Utgifter til lokale	-0,8
5150 Forvaltning og fellesutgifter	-1,1
5200 Pedagogisk leiding mv./5210 Utdanningsprogramma	-1,5
Sum	-3,4

Fylkesrådmannen rår til at budsjettet for opplæring for 2014 vert redusert med 3,3 mill. kr etter fordelinga i tabellen over.

Fylkesrådmannen rår vidare til at den økonomiske verknaden for 2015 og våren 2016 vert handsama i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet. Frå hausten 2016 er innsparingskravet innarbeidd i den økonomiske ramma for opplæringssektoren.

2.8 Samferdsle

Hovudutval for samferdsle (HS) har i følgje budsjettreglementet fullmakt til å overføre innsparde midlar frå kollektivområdet og ferjedrift til fylkesvegområdet. I den økonomiske situasjonen vi no er i, innstiller fylkesrådmannen likevel på at fylkestinget regulerer dette. Med bakgrunn i dette vert den administrative tilrådinga til endringar på desse områda lagt fram som ein del av denne saka.

Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering

Kollektivområdet syner ei samla innsparing på 4,500 mill. kr. Det er ikkje behov for å justere budsjettet på tenestene knytt til fylkesvegar/ferje i denne tertialrapporten. Fylkesrådmannen tilrår difor at innsparinga på kollektivområdet vert omdisponert til teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering. Dette medfører at låneopptaket til fylkesvegar i 2014 kan reduserast tilsvarande. Det vert lagt opp til at unytta lånemidlar i 2014 kan nyttast i 2015.

Fylkesrådmannen tilrår å auke løyvinga på tenesta med 4,500 mill. kr. Auken vert tilrådd dekkja inn ved å omdisponere:

- 0,400 mill. kr frå teneste 7300 Buss – kjøp av teneste
- 0,800 mill. kr frå teneste 7306 Diverse kollektiv
- 2,700 mill. kr frå teneste 7322 Båt – ekspress- og lokalruter
- 0,600 mill. kr får teneste 7331 Tilrettelagt transport

Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste

På grunn av justering av tal kilometer i anbudskontrakten i Nordfjord kan budsjettet på tenesta reduserast med 1,000 mill. kr for 2014. Det vert tilrådd å omdisponere 0,600 mill. kr til teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen. Dei resterande 0,400 mill. kr vert omdisponert til teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering.

Teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen

Busselskapa har meldt inn eit auka behov for undertransportørar enn føresett i budsjettet. I tillegg kjem auka kostnadar til midlertidig skyss ved skade og sjukdom. Løyvinga til midlertidig skyss ved skade og sjukdom er ei anslagsløyving som vil variere frå år til år. Samla syner tenesta eit meirforbruk på 0,600 mill. kr. Auken vert tilrådd dekkja inn ved å omdisponere midlar frå teneste 7300 Buss – kjøp av teneste.

Teneste 7306 Diverse kollektiv

Tenesta syner eit mindreforbruk på 0,800 mill. kr fordelt på marknadstiltak og drift av EMV-terminalar (EuroPay, MasterCard & Visa). Tenesta vert tilrådd redusert med 0,800 mill. kr.

Teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter

I tertialrapport 1/14 varsla vi at det var drøftingar med operatørane knytt til CO2 og NOx-avgift. Drøftingane er enno ikkje ferdige, men ei avklaring er venta i løpet av hausten. Dei økonomiske konsekvensane av dette er difor ikkje klare.

Av andre usikre faktorar på tenesta kan nemnast at:

- Operatør i Florabassenget har varsla krav om kostnadskompensasjon som følgje av auke i tal bilar etter takstomlegging
- Fylkeskommunen er stemna inn for Sogn tingrett av Fjord1 grunna usemje om nivå på hamneavgift i Flora kommune.

Basert på kjente opplysningar syner tenesta eit mindreforbruk knytt til CO2- og NOx-avgift på 2,700 mill. kr i 2014. Tenesta vert difor tilrådd redusert med tilsvarende beløp.

Teneste 7331 – Tilrettelagt transport

Tenesta syner eit mindreforbruk på 0,600 mill. kr då færre kommunar enn venta har starta opp med serviceskyss. Tenesta vert tilrådd redusert med tilsvarende beløp.

Endringar i ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift

Det vert vist til pkt. 2.2, kor endringar i høve differensiert arbeidsgjevaravgift (DAA) er omtalt. Auka kostnadar for fylkeskommunane vert i 2014 kompensert med totalt 44 mill. kr. Fylkesrådmannen legg opp til at vår del av skjønstilskotet vert tilført rammene til samferdslesektoren. Det er føresett at kompensasjonen skal dekke dei meirkostnadane som fylkeskommunen vil få på kjøp av transporttenester, slik at endringa ikkje vil ha nokon økonomiske konsekvensar.

3. KAPITALBUDSJETTET**3.1 Investeringsprogram for bygg og anlegg**

I tertialrapport 2/14 tilrår fylkesrådmannen å redusere investeringsbudsjettet for bygg og anlegg med 65,602 mill. kr til 142,921 mill. kr i 2014. Reduksjonane kjem i hovudsak som følgje av forskyving til seinare år.

Konsekvensar av skulebruksplanen

Løyvinga i 2014 vert tilrådd redusert med til saman 56,5 mill. kr. Av dette er 48,5 mill. kr tidsforskyvingar. Planlagde investeringar på 8,0 mill. kr er omdefinert til driftskostnader. Denne summen er tilrådd tilbakeført til driftsbudsjettet. Det står etter dette att 11,0 mill. kr til prosjektet i 2014.

Årsaka til tidsforskyvingane skuldast fleire tilhøve, mellom anna prioriteringar og kapasitet. Ein har prioritert prosjekt som etter skulebruksplanen skulle ferdigstillast inneverande år. Dette var avgjerande for å kunne gjennomføre skulestart som planlagt. Ein har vidare søkt å avvente ressursbruken i tråd med politiske signal og den krevjande økonomiske situasjonen. Det totale investeringsbildet i høve vedteken plan er førebels ikkje endra, men forskyvd. Eventuelle framtidige endringar vert handsama i eiga sak/konsekvensutgreiing til Fylkestinget.

Sogndal vidaregåande skule og Sogndal Idrettshall

Frå Sogndal vidaregåande skule vert det overført 4 mill. kr til 2015. Det står da att 2,4 mill. kr til dette prosjektet i inneverande år. For prosjektet ved Sogndal Idrettshall vert heile summen på 5,0 mill. kr overført til 2015.

Måløy vidaregåande skule – gangveg

1,5 mill. kr av prosjektmidlane til gangveg ved Måløy vidaregåande skule vert overført til 2015. Det står da att 0,5 mill. kr i 2014.

Eigenkapitalinnskot KLP

Som medeigar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) må Fylkeskommunen bidra med eigenkapitalinnskot. For 2014 utgjer dette 1,704 mill.kr. Rekneskapsmessig er dette ei investering i aksjar, og transaksjonen skal i tråd med dette førast i investeringsrekneskapsplanen. Fylkesrådmannen tilrår difor å overføre det aktuelle beløpet frå driftsbudsjettet (sentralt avsette pensjonsmidlar) til investeringsbudsjettet for å finansiere denne transaksjonen.

PC-ordninga

Årsprognosen per andre tertial viser eit redusert behov for investeringar i pc-ar til elevar i vidaregåande skule. Dette er i hovudsak grunna forskyvingar mellom år i høve elevbetaling og omlegging av ordninga. Fylkesrådmannen rår til at løyvinga vert redusert med 0,720 mill. kr i 2014, med føresetnad om at budsjettet i 2016 vert auka tilsvarende.

Vedlegg 1 syner oversikt over endringane i investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsplan.

3.2 Investeringsprogram for fylkesveggar

I tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til ein reduksjon i investeringsbudsjettet i 2014 med 16,1 mill. kr frå 359,4 mill. kr til 343,3 mill. kr. Reduksjonen er knytt til ordinære investeringar. Revidert investerings- og finansieringsprogram er satt opp i vedlegg 2.

Ordinære investeringsprosjekt

Det vert gjennom tertialrapporten tilrådd å nedjustere løyvingane til dei ordinære vegprosjekta i 2014 med 16,1 mill. kr. Endringar som skuldast forskyving mellom år vert følgd opp med tilsvarende budsjettendring i 2015. Det vert lagt opp til følgjande endringar:

Store prosjekt:

- Fv. 616 Sør dal-Kolset (Bremanger II) vert redusert med 2,9 mill. kr ut frå prognose på forbruk i 2014.
- Fv. 60 Agjeld-Ugla vert auka med 21,2 mill. kr. Statens vegvesen har no ferdigstilt sin gjennomgang av prosjektet i høve til prosjektendringar og nytt mva. regelverk. Oppdatert kostnadsoverslag er sett til 204 mill. 2014-kr noko som samsvarer med prognosen for sluttkostnaden i prosjektet.

I tertialrapport 1/14 vart løyvinga til prosjektet auka med 22 mill. kr med grunngjeving i raskare framdrift og prosjektendringar. Ny prognose for 2014 viser eit ytterlegare meirbehov på 21,2 mill. kr.

Investeringsbudsjettet har ikkje vore oppdatert i høve til oppdatert kostnadsoverslag. Det er såleis behov for auka finansiering i prosjektet i 2014. Dette vert løyst ved å nytte ledige midlar frå avviksfond Olden – Innvik, 13 mill. kr, samt unytta midlar på andre investeringsprosjekt, 8,2 mill. kr.

Det vil også vere behov for finansiering på omlag 10 mill. kr i 2015 på dette prosjektet.

- Avviksfond Olden-Innvik vert redusert med 13 mill. kr jf. omtale over
- Fv. 60 Uglå-Skarstein vert redusert med 8,7 mill. kr. Det er nytta om lag 2,5 mill. kr til prosjektering og arkeologiske utgravingar m.m. Prosjektet er mellom 80-90 pst. ferdig prosjektert. Vidare prosjektering og grunnverv er sett på vent til det vert teke avgjerd om vidare framdrift.

Mindre utbetringar:

- Fv. 333 Mørkridsdalen vert redusert med 2 mill. kr. Prosjektet er avslutta med eit mindreforbruk.
- Fv. 542 Osstrupen bru vert redusert med 14,1 mill. kr. Utfordringar i prosjekteringsarbeidet har medført meir tidkrevjande arbeid med konkurransegrunnlaget enn venta. Byggherreoverslag vil vere på plass i løpet av hausten. Utlysning vil ikkje skje før tidlegast i desember 2014.
- Fv. 662 Hundeidbrua vert auka med 0,7 mill. kr grunna meirforbruk. Prosjektet er no ferdig prosjektert.

Gang- og sykkelveggar:

- Fv. 545 Kinnvegen vert auka med 3,9 mill. kr grunna raskare framdrift enn lagt til grunn i budsjettet.

Planleggingsmidlar:

- Fv. 611 Sæle-Engebø vert redusert med 2 mill. kr då det ikkje vert starta planlegging av strekninga i 2014.

Det vert lagt opp til følgjande endringar i finansieringsplanen knytt til ordinære investeringar:

Finansiering	Budsjett 2014	Tertial 2/14	Rev. budsjett 2014
Driftsmidlar til investering	53,250	4,500	57,750
Føreset mva. kompensasjon	41,300		41,300
Fondsmidlar	21,100		21,100
Unytta lånemidlar 2013	3,053		3,053
Låneopptak	135,200	-20,600	114,600
Sum	253,903	-16,100	237,803

Skredsikring på fylkesvegnettet

Når det gjeld skredsikring blir det rapportert om endringar på prosjekta som samla sett går i balanse. Det vert lagt opp til følgjande endringar:

- Fv. 152 Algøya vert auka med 0,1 mill. kr ut frå prognose på forbruk.
- Fv. 337 Buskredene vert auka med 1,9 mill. kr. Prosjektet vart i tertialrapport 1/14 redusert med tilsvarende beløp noko som i ettertid viste seg var feil. Midlane skal dekkje sluttoppgeret på prosjektet.

- Fv. 337 Bjødnebakken vert redusert med 1,4 mill. kr i på grunn av noko redusert framdrift i høve til prognosen.
- Fv. 53 Fjellsikring Finnsåstunnelen vest vert redusert med 0,6 mill. kr på grunn av at arbeidet vart mindre omfattande en føreset.

Det vert ingen endringar i finansieringsplanen som følgje av desse endringane.

4. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT-OMSETNINGA

Rapportering på finansporteføljen per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/14. Rapporten følgjer som vedlegg 3.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga følgjer som vedlegg 4. Denne er noko omarbeidd og forenkla i høve tidlegare. Samtidig meiner vi at den inneheld tilstrekkeleg informasjon til å vurdere resultat og forventa utvikling.

Fylkesrådmannen tilrår fylkestinget å ta rapportane til vitande.